

## 1. Innleiing

I 2013 etablerte Universitetet i Bergen ein budsjettpost for støtte til Open Access-publisering. Dette er ei treårig prøveordning som går frå 2013 til 2015. Universitetsbiblioteket har fått ansvaret for å administrere budsjettposten og handsama søknadar.

## 2. Bruk

Det kom inn 270 søknadar om støtte i 2014, og 252 av desse vart innvilga. 17 søknadar vart avslått og ein trekt tilbake. Avslagsgrunnane var at utgjevaren ikkje tilbød Creative Commons-lisens (8 stk), at artikkelen allereie var publisert (4 stk), at forfattar ikkje var korresponderande forfattar (3 stk) og at tidsskriftet ikkje var på nivå 1 eller 2 hjå DBH (2 stk).

38 % av dei innvilga søknadane var til artiklar i reine Open Access-tidsskrift, medan 62 % var til hybride tidsskrift.<sup>1</sup> Det medisinsk-odontologiske fakultet er eininga med klart flest innvilga søknadar, medan dei matematisk-naturvitenskapelige og psykologiske fakulteta har om lag like mange søknadar. Alle dei fire andre einingane (humanistisk, samfunnsvitenskapelig, juridisk og Universitetsmuseet) har relativt få søknadar.

2014	Innvilga, Open Access	Innvilga, hybrid	Innvilga, totalt
	97	155	252
Det humanistiske fakultet:	3	3	6
Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet:	12	43	55
Det medisinsk-odontologiske fakultet:	57	74	131
Det samfunnsvitenskapelige fakultet:	3	8	11
Det juridiske fakultet:	0	3	3
Det psykologiske fakultet:	19	23	42
Universitetsmuseet i Bergen:	3	1	4

Tabell 1: Oversikt over innvilga søknadar i 2014, fordelt på fakultet/eining og Open Access-tidsskrift eller hybride tidsskrift.


Totalt vart det innvilga støtte for 4 782 048 kr.<sup>2</sup> Snittprisen per artikkel (inkl. MVA) var ca. 19 000 kr, men det er store skilnadar i pris mellom Open Access-tidsskrift og hybride tidsskrift. Snittet for dei innvilga artiklane i Open Access-tidsskrift var ca. 14 300 kr, medan snittet for hybride tidsskrift var ca. 21 900.

Figur 1 viser fordelinga av dei innvilga søknadane i nivå i DBH<sup>3</sup>. 76 % av dei innvilga artiklane er nivå 1-artiklar, medan 24 % er nivå 2-artiklar. 6 av dei 60 nivå 2-artiklane er frå Open Access-tidsskrift.

<sup>1</sup> Tre av søknadane var til bøker (monografar), desse vert i denne oversikta telt og omtalt som artiklar (sjå også meir om desse i eige punkt).


<sup>2</sup> Det vil vere noko avvik mellom innvilga (estimert) beløp og fakturert beløp.

<sup>3</sup> Publiseringskanalar hjå DBH: <https://dbh.nsd.uib.no/publiseringskanaler/Forside>




Figur 1: Fordeling av innvilga artiklar på nivå hjå DBH.

PhD-kandidatar var den stillingskategorien med flest innvilga søknadar, fylgt av professorar. Dei tre stillingskategoriane postdoktor, forskar og fyrsteamanuensis var relativt like med tanke på innvilga søknadar.



Figur 2: Fordeling av innvilga artiklar på stillingskategoriar.

Pilotprosjektet har no lagt bak seg to av tre år, men sidan ein ikkje kom i gang før oktober 2013 er det likevel berre snakk om fem kvartal. Totalt har det kome inn 313 søknadar, og 293 av desse har vorte innvilga (sjå figur 3 for kvartalsvis fordeling av søknadar). Av dei innvilga søknadane var 114 (39 %) frå Open Access-tidsskrift, medan 179 (61 %) var frå hybride tidsskrift. 24 % av dei innvilga søknadane frå heile pilotperioden har vore frå nivå 2-tidsskrift. Til saman har det vorte innvilga støtte for ca. 5 450 000 kroner (inkl. MVA).



Figur 3: Kvartalsvis oversikt over tal på innvilga søknadar

### 3. Retningslinjer for tildeling

Den viktigaste endringa i retningslinjene i året som gjekk var eit krav om at artiklar må publiserast med ein Creative Commons (CC)-lisens. Dette for å sikre permanent open tilgang til artiklane og for å lette etterarbeidet mellom anna når det gjeld eigenarkivering. Forfattarar står fritt til sjølv å velje kva CC-lisens dei vil nytte i dei tilfella der forlaga opnar for eit slikt val. I tillegg har det vore naudsynt å spesifisere ordlyden i enkelte retningslinjer på bakgrunn av erfaringar og tilbakemeldingar frå søkjarar. Av administrative omsyn er det også lagt til ei tidsavgrensing på stønaden i 1 år etter innvilga dato. For publikasjonar som ikkje er betalt innan fristen, vil stønaden falle vekk.

### 4. Monografiar

Det har vorte innvilga støtte til tre monografiar i løpet av året, to frå Det humanistiske fakultet og ei frå Det psykologiske fakultet. Det vart fort klart at det er store skilnader mellom Open Access-tilbodet for artiklar og for monografiar, då det fyrste er eit mykje meir utvikla og straumlinjeforma tilbod enn det andre.

Den eine monografien vart utgitt på eit nivå 2-forlag med eit allereie etablert Open Access-tilbod, med god informasjon på nettsidene og fastlagt Open Access-avgift. Forfattaren engasjerte seg nasjonalt for Open Access med utgangspunkt i utgjevinga, og det vart mykje merksemd rundt boka<sup>4</sup>.

Dei to andre var samleverk (antologiar) med redaktør og nokre forfattarar frå UiB, og dette fekk fram ei ny problemstilling. Den eine antologien var eit omfattande bokverk frå ein stor utgjevar, med mange redaktørar og forfattarar frå ulike institusjonar og med ei høg Open Access-avgift. Løysinga UB då fall ned på var å gje støtte utrekna frå andelen kapittel med UiB-forfattarar.

### 5. Etterarbeid

Mot slutten av 2014 har me gått gjennom storparten av dei støtta artiklane for å kontrollere at dei er publisert Open Access med ein Creative Commons-lisens. Kontrollen viser at ein del artiklar manglar

<sup>4</sup> Kronikk av Jill Walker Rettberg på NRK Ytring: <http://www.nrk.no/ytring/forskning-bor-vaere-gratis-1.12000919>

CC-lisens og at nokre få heller ikkje er publisert Open Access. Dette er feil me har funne både hjå store og mindre forlag og viser at ei slik oppfølging er naudsynt for å sikre at forlaga oppfyller sine forpliktingar.

Alle publikasjonane som vert støtta gjennom budsjettposten skal arkiverast i Bergen Open Research Archive (BORA). Trass i kravet i retningslinjene om at artiklar etter publisering skal lastast opp i CRISTin, vert dette gjort i svært liten grad. Truleg er det under 5% av dei støtta artiklane som forfattar sjølv har lasta opp i CRISTin. Dimed har me ikkje fått utnytta den automatiske overføringa til BORA og artiklane har vorte hausta enkeltvis.



Dette verk er lisensieret under en [Creative Commons Navngivelse 3.0 Norge lisens](https://creativecommons.org/licenses/by/3.0/norway/)